



Gje vern til kvinner på flukt!

8. mars 2022

SV

Gje vern til kvinner på flukt!

Russland sin krig mot Ukraina medfører store humanitære lidingar. Ukrainske kvinner og born må flykte over grensa til nabolanda.

Dei fleste kan berre førestille seg kor vanskeleg og jævleg det er å vere på flukt, og miste tryggleiken og livsgrunnlaget sitt. Familiar blir splitta. Menn blir sendt i krigshandlingar medan kvinner og born blir tvungne på flukt - ingen veit når eller om dei vil sjåast igjen.

Det å vere på flukt er ekstra hardt og farleg om du er kvinne. Vald og overgrep mot kvinner og jenter aukar under krig og konflikt. Vi gløymer ikkje kvinnene som har flykta frå Sør-Sudan til flyktningleirar i Uganda, og som ventar på overføring som kvoteflyktning. Kvinnene som risikerer livet over Middelhavet. Kvinner og born stranda i skammens telteleirar i Hellas.

SV er eit feministisk parti. Vi kjempar for jenter og kvinner sin fridom frå vald, overgrep og seksuell trakassering – utført av menn lokalt, nasjonalt og globalt. Vi treng internasjonal kvinnesolidaritet meir enn nokon gong.

Kvinnedagen er ein kampdag der vi står saman for kvinner i alle delar av verda. SV krev at Noreg og Europa tar ansvaret sitt for kvinner på flukt.

Til lukke med kvinnedagen!

Sosialistisk Venstreparti

Hagegata 22, 0653 Oslo
21 93 33 00
post@sv.no
sv.no

Meld deg inn i SV!

Send SMS med
INNMELDING <din e-post>
<ditt namn> <adressa di>
til 2090 (100 kroner)

